

Statens vegvesen

Saksbehandler/telefon:

<Saksbehandlersnavn / tlf>


Vår dato: Velg dato.

Vår referanse:

Notat

Til: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fra: Otto Eikeset, planseksjonen
Kopi til: Bjarte Sandal, Eli Marita Næss, Magna Fondenes
Vangsnes

Reguleringsplan fv.614 Svelgen–Indrehus. Avklaringar kring kostnader for planlegging og utbygging.



Om planprosjektet og eksisterande planar for strekninga

Planseksjonen er no komme i gang med reguleringsplanlegging av ny fylkesveg 614 mellom Indrehus og Svelgen i Bremanger kommune. Planprosjektet si hovudmålsetting er å skaffe

formelt vedtak etter plan og bygningslova for å kunne gjennomføre bygging av ny fv.614 mellom Myklebust/Indrehus og Svelgen. Dagens fylkesveg mellom Myklebust/Indrehus og Svelgen er smal og svingete, og gjev dårleg framkome særskild for tyngre køyretøy. Lengda på strekninga er på kring 16 km, målt mellom krysset på Myklebust og Svelgen sentrum. Ein ny tunnel mellom Indrehus og Svelgen vil korte ned køyrelengda med om lag 7 km. På eit tidleg stadium er det rekna ut kva anlegget vil koste å etablere (grove tal) og ein ser at estimata ligg vesentleg over det som er føreslege bevilga til prosjektet i RTP i perioden 2018–2027.

Det er utarbeidd ein kommunedelplan for Svelgen – Myklebust der endeleg trase vart vedteken i september 2014. Kommunedelplanen går til Myklebust og legg til grunn opprusting av eksisterande fv. 614 på strekninga mellom Indrehus og Myklebust som ikkje stettar krava til vegnormalstandard. På Svelgen–sida vart det planlagt for ny veg i dagen langs Risevatnet og opp i bakken ved Storeskora der ein møter att fylkesvegen. Denne dagstrekninga innber store utfordringar i høve skredfare, kort avstand mellom kryss og tunnel, inngrep i Kruna, inngrep i naturmiljøet kring Risevatnet, fylling i vatnet og bru over Riseelva. Heller ikkje her stettar forslaget krava til vegnormalstandard. Anlegget vart i 2010 stipulert til å koste 515 millionar kroner. Kostnadskalkylen er etterspurt frå rådgjevar som utarbeidde denne planen for Bremanger kommune. Omtalen til kommunedelplan ligg som vedlegg til notatet.

I utgreiinga for ny Kystveg på strekninga Ålesund–Bergen (gjennom Sogn og Fjordane) i 2017 vart det sett på korleis delstrekninga mellom Svelgen og Indrehus/Myklebust burde utbetrast for å stette krav til vegnormalstandard. Her vart det føreslege å etablere to korte tunnelar mellom Myklebust og påhoggsområdet for den lange tunnelen ved Indrehus. Samla lengde på dei to korte tunnelane var på kring 700 meter. Kostnaden på heile denne strekninga vart stipulert til 1,4 milliardar kroner. Uvisse på dette anslaget var på +/- 40%. Statens vegvesen tilrådde i utgreiinga å starte på strekninga mellom Haukå og Svelgen fordi den gjev best måloppnåing.

Link til prosjektsida:

<https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/kystvegensognogfjordane/nyhetsarkiv/utgreiinga-er-klar-kystvegen-gjennom-sogn-og-fjordane>

Slik det går fram av kommunedelplanen for fv. 614 Svelgen – Myklebust er eit sentralt mål å etablere ein betre samanheng mellom bu- og arbeidsmarknaden for kommunane Bremanger, Flora og Vågsøy. Vegutberinga på denne parsellen vil vere eit ledd i den framtidige Kystvegen gjennom Sogn og Fjordane, og vil bidra til å oppnå målet om 45-minuttsregionen med nedkorting av reisetid. Svelgen vert samtidig betre knytt opp mot kringliggande samfunnsstruktur.

Ny fylkesveg skal sikre innkorting av reisetid, god kapasitet, effektiv og trafikksikker framkomst. Dette gjeld spesielt for næringstrafikken, samt bu- og arbeidsmarknaden innanfor pendlingsregionen til Svelgen.

Vegen skal inngå i ein framtidig transportkorridor frå Måløy til Flora og vil inngå som ein påliteleg og tilgjengeleg del av den framtidige Kystvegen i fylket.

Prosjektet har som mål å spare transport-/avstandskostnader og etablere god linjeføring i samsvar med gjeldande krav.

Tekniske utfordringar i prosjektet:

- Sidebratt og utfordrande terreng. Skredfare i Svelgen.
- Trafikkavvikling ved Indrehus i utbyggingsfase. Få moglegheiter for omkøyning.
- Nærføring til sjø, innsjø og fleire elvar
- Evt. sjøfyllingar for ny veg i Djupevika
- Høgspenliner i anleggsområdet
- Masselager og deponering av stein frå tunneldrivinga
- Gravplassen på Rise
- Samankobling ny fylkesveg og dagens fylkesveg etter Svelgen sentrum

Økonomi/kostnadskalkyler

I Regional transportplan for Sogn og Fjordane (2018–2027) er det sett av investeringsmidlar frå 2020 og i 2021, hhv. 15- og 150 mill. Kostnadsoverslaget for inneverande handlingsprogram er rekna om til **691 mill.** (2017 -kr). Truleg er denne kostnaden henta direkte frå kommunedelplanen frå 2014. Her vart anlegget stipulert til å koste 515 millionar kr (2010-kroner). Med påslag for mva på 25 % og justering til 2017-kroner, så kjem ein nære denne summen. Truleg har uvissa for anslaget vore på 25 %, men dette er usikkert før kalkylen ligg føre.

Det er no på eit tidleg stadium utarbeida grove kostnadskalkyler for utbygging av anlegget der løysingane stettar krav til vegnormalstandard. Det må påpeikast at dette kun er tidlege forslag til løysingar som ikkje er forankra i prosjektet, og som det må arbeidast vidare med for å finne ut om dei er løysbare innanfor fornuftige rammer. Det er viktig at prosjektet vert tilpassa vidare utbygging av fv.614 (Kystvegen) både nordover frå Svelgen og sørover frå Myklebust.


Kostnadskalkylen syner at vi rundar 1 milliard på samla kostnad inkl. mva. for løysingane vi no har sett på (sjå vedlegg). Tunnelbygginga er definitivt det kostnadsdrivande elementet. Berre på den lange tunnelen ligg overslaget på i kring 800 millionar kroner.

Alternative løysingar

Statens vegvesen har stipulert kostnader for eit alternativ på strekninga som stettar krava til vegnormalstandard utan å byggje dei to korte tunnelane mellom Myklebust og Indrehus.


Alternativ 1, Myklebust -Rise-Storeskora

- Veg i dagen mellom ny-etablert kryss ved Myklebust fram mot påhogget ved Indrehus som stettar kravet til vegnormalstandard (H₀1). Alternativet innber sjøfylling i Djupevika, kryss mot eksisterande veg til Indrehus og bru over Vasselva (60 meter). Lengda på denne strekninga er på om lag 1600 meter.



Myklebust-Indrehus

- Vidare går fylkesvegen i tunnel i 5100 meter fram mot gravplassen på Rise.
- På Rise vert det ei kort dagstrekning på om lag 400 meter før vegen går vidare i tunnel under Kruna (300 meter) og fram mot ny bru over Riseelva (60 meter). På andre sida koblar linja seg på dagens veg under Storeskora.




Rise-Storeskora, alternativ 1

- Kostnadsestimat: **1165 millionar kroner**

Alternativ 1 – redusert, Myklebust–Rise

- Same dagstrekning som alternativ 1
- Same tunnel-løysing som alternativ 1
- Same dagsone som for alternativ 1, men der ein stoggar i krysset ved gravplassen og byggjer samleveggen fram mot eksisterande fylkesveg ved Riseemyra. Den store fordelene med dette alternativet er at ein i framtida lettare vil kunne etablere vidare samband(tunnel) opp på fjellet mot Bortnetunnelen. Ulempen er at gjennomgangstrafikken må nedom Svelgen sentrum på same måte som i dag, før ein startar på oppstigninga på fjellet.

Løysingsforslaget inneber at ein i framtida etablerer tunnelen gjennom Kruna, kryssar lågt over Riseelva og går direkte i eit påhogg for ny tunnel opp mot fjellet. Mest truleg vil den korte tunnelen verte kobla saman med den lange gjennom å etablere ein betongtunnel på den korte dagstrekninga ved Riseelva. Ein er uavhengig av eksisterande fylkesveg opp ved Storeskora og heftar dermed ikkje gjennomgangstrafikken under anleggsperioden i dette utfordrande området. Samstundes har ein betre plass til rigg og anleggsteknisk utføring.



Alternativ 1 – redusert. Stoggar i nytt kryss på Rise. God moglegheit for vidare vegføring i framtida.

- Kostnadsestimat: **1040 millionar kroner**

Avklaringar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

- Det må takast stilling til avgrensing (start- og slutt punkt) for dette prosjektet. Statens vegvesen ber fylkeskommunen om å vurdere om prosjektet skal starte på Myklebust og stogge på Rise slik som «alternativ 1 – redusert» syner, eller om ein skal byggje vegen heilt fram til Storeskora slik «alternativ 1» syner.
- Ramme for kostnader med reguleringsplanlegging av prosjektet. Førebels er planleggingskost stipulert til om lag 3,5 millionar kroner. Auke løyvinga i 2019?
- Auke investeringsrammer for utbygging av prosjektet. Vil fylkeskommune klare å fullfinansiere prosjektet?
- Er det ok å fortsette med vidare reguleringsplanlegging, eller vert prosjektet flytta fram i tid?